



Arkivnr: 2014/16773-9

Saksbehandlar: Frode Mannsåker

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------------------|--------|------------|
| Hovudarbeidsmiljøutvalet | | 24.10.2014 |

Fastsetting av mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-2018

Samandrag

Etter underteikning av ny samarbeidsavtale (IA-avtale) med NAV 19. juni 2014, har ei partssamansett arbeidsgruppe lagt fram utkast til nye mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK for perioden 2014-2018. Fylkesdirektør organisasjon har godkjent utkastet. Sentralt i dokumentet er prinsippet om at IA-arbeidet skal vere ein del av det systematiske og førebyggjande hmt-arbeidet, jf. den overordna HMT-planen som HAMU godkjende 23. mai 2014.

Forslag til vedtak

Hovudarbeidsmiljøutvalet godkjenner det framlagde plandokumentet «Mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-2018»

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

- Mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-2018
- Underteikna samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv 2014-2018

Fylkesrådmannen, 09.10.2014

Hordaland fylkeskommune underteikna ny samarbeidsavtale med NAV 19. juni 2014 (sjå vedlegg), etter å ha vore IA-verksemde sidan 2003.

Samarbeidsavtalen er i hovudsak ei vidareføring av den førre versjonen (2010-13). Det ligg som eit krav til IA-verksemde at arbeidsgivaren, dei tillitsvalde, verneombodet og dei tilsette elles utarbeider eigne, nye mål for IA-arbeidet i den nye avtaleperioden.

Ei partssamansett arbeidsgruppe med representasjon frå arbeidsgivar, personalseksjonen, HMT, hovudtillitsvalde og fylkeshovudverneombodet vart nedsett i august 2014, med mandat å utarbeide IA-mål for HFK, i tråd med krava i samarbeidsavtalen. Kontaktperson i NAV Arbeidslivssenter har gitt støtte i planarbeidet. Arbeidsgruppa starta opp 29. august, og leverte 6. oktober eit framlegg til plandokument til fylkesdirektør organisasjon, som så har godkjent planen etter ei mindre justering.

Fylkesrådmannen legg i denne saka fram plandokumentet for godkjenning i HAMU. I dokumentet vert det gjort nærmere greie for bakgrunnen og for dei krava til mål og tiltak som ligg i IA-avtalen.

Etter handsaming i HAMU vil fylkesrådmannen starte prosessen med å tilpasse og iverksette dei ulike IA-tiltaka utover i organisasjonen. Administrasjonsutvalet vil verte orientert 13. november 2014.

IA-arbeidet skal vere integrert i det systematiske og førebyggjande hmt-arbeidet i HFK, jf. den nye overordna hmt-planen for HFK 2014-2017 som HAMU godkjende 23. mai i år. Det er derfor ein føresetnad at den vidare planlegginga av IA-tiltak vert nedfelt i hmt-planane for dei ulike avdelingane og einingane i fylkeskommunen. Slik planar skal verte publiserte i Kvalitetssystemet.

Fylkesrådmannen vil følge opp IA-arbeidet, og legge fram status for planlegging og iverksetting for HAMU. Det vert vist til kravet i Samarbeidsavtalen med NAV om at IA-arbeidet to gonger i året skal settast på dagsordenen som ein integrert del av arbeidsmiljøarbeidet i verksemda, og til tiltak nr 1 i plandokumentet om at HAMU skal ha i IA som sak to gonger årleg.